



Vinnaren Kristian saman med dei andre premievinnarane i herreklassen

**15 år gamle Kristian Øvstebø har allereie markert seg i motbakkeløp i fleire sesongar. Laurdag vart den spreke og målbevisste ungguten suveren vinnar i herreklassen i Vika kraft-løpet i Åkra. Løpet markerte 10 årsjubileum for kraftproduksjon ved Vika kraft, og arrangementet var eit samarbeid mellom Vika kraft og Matre idrettslag.**



[Bjørn Egil Haugland held forma godt ved like og er på veg mot 5.plass i herreklassen.](#)

Løpet er på 3550 meter, og frå start til mål forserer løparane nær 400 høgdemeter. Start er ved kraftstasjonen 40 moh, og mål er ved dammen 400 moh. Løypa går på grusveg.

Det var flotte premiar, og m.a. vart det delt ut pengepremiar på til saman 14.500,-. For sigeren sin kunne Kristian Øvstebø innkassera fine 1.250 kroner. I trimklassen utan tidtaking var det mange gåvepremiar i tillegg til at det vart trekt ut 3 vinnarar av 2000 kroner. Frå deltakarane vart det uttrykt at dei ikkje kunne tru at det var så mange flotte premiar.

Premiane var sponsa av Vika kraft, Brødrene Dahl, BG Suldal, Småkraftforreninga og Sparebank1 Srbank.





Kristian Øvstebø i lette klyv mot siger.

Til saman 57 deltakarar fekk ein flott tur opp til inntaksdammen, og der vart dei møtt med gratis pølser og kaffi. Småkraft-general Lars Emil Berge fortalde litt om Vika kraft og 10 årsjubileet før det var premieutdeling.

Deltakarar og resultat frå det svært vellukka løpet:

#### Konkurranseklasse herrer:

1. Kristian Øvstebø (2004)	Uskedalen	21.30
2. Magne Årthun Bergane (2001)	Matre I.L.	23.08
3. Vemund Hjelmeland (1979)	Omvikdalen	23.20
4. Eirik Kjærstad Berge (1995)	Matre I.L.	25.25
5. Bjørn Egil Haugland (1963)	Uskedalen	25.37
6. Magnar Hillesdal (1956)	Stord	26.40
7. Noah Lekva Hjelmeland (2006)	Omvikdalen	27.13
8. Gisle Sellevold (1951)	Klypetussen	41.35

#### Konkurranseklasse damer:

1. Ruth Solveig Årthun Bergane (1998)	Matre I.L.	27.05
2. Ine Fu Di Farestveit (2004)		33.36
3. Madeleine Berge (2005)	Matre I.L.	34.36
4. Sigrid Lekva (2006)	Uskedalen	38.30

#### Trimklasse:

Reidar Tveit, Kari Synnøve Tveit, Brit Torhild Tveit, Else Marie Vika, Evy Brekke, Håvard Brekke, Maria Severine Ø. Berge, Anne Grethe K. Berge, Maria Skarveland, Lars Emil Berge, Berit Berge, Edmund Berge, Håvard K. Berge.

Marit B. Endressen, Oddbjørn Sørheim, Reidun Sørheim, Erik Johan Furdal, Anna Sigrun Furdal, Marit Årthun, Rune Dahle, Arild Kvame, Nils Gunnar Øvstebø, Bjørn Rune Bergane, Kurt Reidar Jegteberg, Johan Hillesdal, Anne-Lise Hillesdal, Terje Tjelmeland, Gunnlaug Tjelmeland, Tage Berge, Marta Tjelmeland.

Oddrun Berge, Gyda Tungesvik, Marie T. Dahle, Tanja Eikemo, Silvia Nyland, Anne Ruth Lekva, Helge

LekvaHjelmeland, Olve Lekva Hjelmeland, Vigdis Haugland, Jan Øvstebø, André Øvstebø, Claudia Øvstebø, Åse Farestveit, Birgitte Shan Qui Farestveit, Hagar Hassan.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Håvard Kvalvik Berge